

«Gode rammer – keisamt innhald?»

Er det egentleg nokon som har oversikt over kva medisinstudentar tenker om faget allmennmedisin? Nei, fann eg ut i april i fjor, då eg skulle halde eit innlegg på årsmøtet til Norsk foreining for allmennmedisin (NFA). Eg prøva difor å spørje mange av mine medstudentar om kva dei tenkte. Dette var studentar frå alle fakultet, på ulike kull (n=50). Utifrå svara vart det raskt klart at det allmennmedisin meir enn noko anna slit med, er eit omdømmeproblem. Mange medisinstudentar ser på det å bli allmennelege som noko sekundært, noko dei «endar opp som». Dei ser ikkje på det som eit medvite karriereval, men som eit endepunkt etter at spesialisthelsetenesta har tatt både tida og energien din.

«For lite utfordrende, for kjedelig».

Det er urovekkande at mange medisinstudentar er redde for at ei karriere innanfor allmennmedisin medfører eit overtal av slitsame pasientar, av blodtrykkskontroll og Marevan. Det er kanskje ein del av allmennelegens kvardag, men det er vel ikkje heile? Det er påfallande at mange medisinstudentar er redde for at ein skal bli sitjande åleine, utan moglegheit til å ha eit støttande kollegium eller nokon å diskutere både oppturar og nedturar med, i eit langt yrkesliv.

«Jeg vil jobbe på sykehus mens jeg fortsatt har livsgnisten og bli fastlege når jeg blir middelaldrende».

Kvifor skal allmennmedisin akseptere eit omdømme der ein blir endestasjon for utbrente eller slitne legar? Dette er ikkje den realiteten eg har møtt, ei heller dei allmennlegane eg kjenner til. Men kvifor er det då slik at mange medisinstudentar har dette inntrykket? Kvar kjem diskrepansen mellom realiteten og ein del av dei negative haldningane nokre har mot allmennmedisin?

«Frihet, egen profil og se hele mennesket».

Allmennmedisinen som fagfelt og allmennlegar som yrkesutøvarar gjennomgjekk ei krise med fastlegereforma i fjor. Den sette i gang eit enormt engasjement, men utvikla seg kanskje også for langt. For kva er det me som medisinstudentar hugsar? Jau, at nokon gjekk ut og sa dei ikkje lengre kunne anbefale medisinstudentar å gå inn i allmennmedisin. Allmennlegane må ta tilbake kontrollen over sitt eige fagfelt og ikkje minst sitt eige rykte. Er sitata frå mine medstudentar

reelle? Eller er du ueinig? Viss det er tilfellet, så må dykk gjere noko med saka! Ein må ta kontroll over grunnutdanninga, over dei haldningane medisinstudentar endar opp med i eit studium som stadig blir hardare pressa, der praksisveker i allmennmedisin stadig vert kutta.

For at allmennmedisin skal få eit godt omdømme må også du som allmennelege ta ansvar. Vis engasjement gjennom å endre på haldningane som mange medisinstudentar har, dog ikkje alle. Set press på universitet, på kollegaer som arbeider i spesialisthelsetenesta som stadig kritiserer allmennlegar på forelesing. Ikkje sit på kontoret ditt og klag over manglande rekuttering – ta kontakt med medisinstudentar, med universitet eller andre. Ver med å endre på haldningar og dermed få fleire dyktige framtidige allmennlegar inn i primærhelsetenesta.

La oss unngå situasjonen «at en glemmer at de også finnes» Det er på tide å ta ryktet tilbake, folkens.

«Spennande innhald og gode rammer.»

Björg Bakke

leiar Norsk medisinstudentforening

